



Mange er nok ikkje klare over at vi har ein turist-attraksjon ved bygdetunet på Rød, den freda eika ovanfor smia. Det har ikkje vore mogeleg å finna ut eksakt kor gamal ho er fordi ho er hol inni, men eit realistisk anslag er 500 år.

Det er eldre eiker på Austlandet, men få blir så gamle her på Vestlandet.

- Praktfull, var karakteristikkene ein sveitsisk turist kom med då han fekk sjå eika i helga. Pensjonist Albert Steiner, som bur i området ved byen Stans, er 'hekta' på tre og har teke bilete av dei over store delar av Europa.

I Kvinnherad fann han også fleire andre spennande fotoobjekt, til dømes store graner ved Baroniet. Når det gjeld eika, antar Steiner utan å ha målt at ho har ein omkrets på rundt 7 meter,

- Det er fascinerande med tre og rart å tenkja på at dei starta som eit lite frø, seier Steiner.

(Foto: Ola Matti Mathisen)

